



Tenesteoversikt Volda kommune

Tiltak/Teneste	Beskrivelse	Ansvarsområde
Fastlege	Alle innbyggjarar i Volda har rett på ein fastlege	Helse og omsorg
Jordmor	Alle gravide i Volda får tilbod om oppfølging av jordmor i svangerskapet. Jordmor brukar Stine Sofie Foreldrepakke som verktøy i sine konsultasjonar.	Oppvekst
Helsesjukepleiar	Volda helsestasjon følger helsestasjonsprogrammet og tilbyr alle barn 0 – 5 år regelmessig kontroll og oppfølging	Oppvekst
Barnefysioterapeut	På helsestasjon og skulehelsetenesta er det 60 % barnefysioterapeut som jobbar førebyggjande. 40 % av dei er for behandling av barn og unge i helse og omsorg.	Helse og omsorg/Oppvekst
COS-P-Kurs (Tryggleikssirkelen)	Per i dag er dette tilbydd dei som treng det mest, bør ligge som eit førebyggjande tiltak til alle som får barn i Volda kommune	Oppvekst
COS-P i alle barnehagar	Samarbeid med barnehagane om regelmessige COS-P- for føresette	Oppvekst
International Child Development Program (ICDP)	Alle nykomne flyktingar mellom 18 – 55 år, som er eller skal verte foreldre, skal gjennom foreldrerettleiingsprogrammet ICDP.	Oppvekst
Volda Open barnehage	Her kan ein kome og gå når ein sjølv vil, onsdagar mellom 09.30 – 15.30. Barna må være ilag med vaksne, som har ansvar for bornet. Gratis tilbod for born mellom 0 – 6 år.	Volda Frikyrkje, rett bak Bratteberg skule
Barnehage	Alle barnehagane i Volda jobbar ut frå eit felles verdigrunnlag og etter rammeplan for barnehage	Oppvekst
Koordinator for støttetiltak	Eit lågterskeltilbod for tidleg innsats i barnehagen. Arbeidar førebyggjande på systemnivå med blant anna kompetanseutvikling.	Oppvekst
Grunnskule	Alle skulane jobbar ut i frå eit felles verdigrunnlag og læreplanen	Oppvekst
Skulefritidsordning (SFO)	Fritidstilbod utanom den ordinære skuledagen. Skal styrke det totale oppvekstmiljøet for barn mellom 1. – 4. trinn	Oppvekst
Fotballfritidsordning (FFO)	Fritidstilbod utanom den ordinære skuledagen med fokus på fotball. Skal styrke det totale oppvekstmiljøet for barn mellom 1. – 4. trinn	Volda Idrettslag
Skulehelseteneste	Helsesjukepleiar er til stades på alle barneskular, ungdomsskulen og den lokale vidaregåande skulen	Oppvekst
Helsestasjon for ungdom og studentar (HFUS)	Gratis lavterskeltilbod for ungdom i alderen frå 12 år.	Oppvekst
Ung i Volda	Ein uformell og rusfri treffstad for og ilag med ungdom frå 8. klasse og oppover. Held til på Volda samfunnshus saman med Volda filmteater	Samfunnsutvikling
Aktiv sommarferie	Årleg aktivitetstilbod for barn og unge i sommarferien	Samfunnsutvikling
Volda kulturskule	Opplæring innan musikk, kunst og dans	Samfunnsutvikling
Livet og sånn	Folkehelse og livsmestring som tverrfagleg tema i skulen	Oppvekst

Frivillige organisasjonar	Volda kommune legg til rette for samhandling med idrettslag og andre frivillige organisasjonar som arbeider for å fremje barn og unge si fysiske og psykiske helse. Gjennom voldta.friskus.com kan innbyggjarane sjå kva som finst av aktivitetar i kommunen.	Samfunnsutvikling
PPT – organisasjonsretta	Kompetanseheving og organisasjonsutvikling i barnehage og skule	Interkommunalt, oppvekst
Folkehelsekoordinator	Folkehelsekoordinator jobbar med samfunnsutvikling- der ein har fokus på utvikling av eit helsefremjande og førebyggjande lokalsamfunnlokale. Folkehelsekoordinator skal vurdere aktuelle tiltak ut ifrå folkehelseoversikta og sikre at desse blir vurderte og evt sett i verk på ulike nivå. Folkehelsekoordinator jobbar på systemnivå der koordinering av ulike tiltak på tvers av sektorar er viktig oppgåve	Oppvekst
Kommunepsykolog	Bidreg til å styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i kommunen, og støtte det tverrfaglege samarbeidet	Oppvekst
Introduksjonsprogram	Nykomne flyktningar mellom 18 – 55 år gjennomgår dette med mål om å delta i yrkes- og samfunnslivet samt økonomiske sjølvstende	Oppvekst
Tverrfagleg samhandlingsgrupper (TSG) på barnehage og skule	Skal sikre at fleire fagområde og profesjonsgrupper samarbeidar for å sikre at barn og unge får eit heilskapleg og godt tilbod for alle.	Oppvekst

Tiltak	Beskrivelse	Ansvarsområde
Fastlege	Alle innbyggjarar i Volda har rett på ein fastlege	Helse og omsorg
Fritidskonto	Økonomisk støtteordning slik at barn og unge mellom 6 – 18 år kan delta på organiserte fritidsaktivitetar	Samfunnsutvikling
Barnekoordinator	Barn med behov for samansette og komplekse koordinerte tenester har rett på ein koordinator	Helse og omsorg
Barnevern	Deltek på tverrfaglege møter i alle barnehagar og i samhandlingsmøte med helsestasjonen	Oppvekst
Kommunalt innsatsteam mot mobbing	Skal kunne bistå ein skule ved å være ein drøftingspartner i ei kvar sak som omhandlar eit læringsmiljø som ikkje vært opplevd trygt og godt.	Oppvekst
Når fråvær uroar oss	Rettleiar for skulane i Volda på kva ein gjer ved skulefråvær	Oppvekst
Barn med to heimar	Eit tilbod til barn mellom 1. – 7. trinn som har foreldre som har gått i frå kvarandre. Helsesjukepleiar	Oppvekst
Koordinerande eining	Tilbod til personar med behov for koordinerte tenester	Oppvekst
Betre tverrfagleg innsats (BTI)	BTI er ein samhandlingsmodell og ein digital portal for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt uro eller bekymring til.	Alle 3 sektorane
Familievernkontoret	Rådgjeving og samtalar ved vanskar, konflikt eller kriser i familien	Familievernkontoret Furene

Krisesenter for Sunnmøre	Døgnoppe tilbud for barn, kvinner og menn som er eller har vore utsett for vald i nære relasjonar	
NAV	Ansvar for organisering og finansiering av arbeidsmarknadstiltak, trygdeytningar og sosialhjelp. NAV er spesielt merksam på oppvekstvilkåra til barn og unge	NAV
PPT	Kompetanseheving og organisasjonsutvikling i barnehage og skule	Interkommunalt Oppvekst
Tenesta for psykisk helse og rus	Oppfølging til personar med utfordringar knytt til psykisk helse og rus	Helse og omsorg
Barn og unges helseteneste	Samhandlingsforløp for dei sju vanlegaste psykiske helseplagene hos barn og unge	Alle tre sektorane

Samhandling

Tverrfagleg samhandling er ein føresetnad for å kunne gi barn, unge og familiar rett hjelp til rett tid. Tverrfagleg samhandling er eit felles ansvar, og alle tilsette som arbeider med barn, unge og familiar skal samarbeide om å gi eit heilskapleg og koordinert tilbud. Plikta til å samhandle er nedfelt i dei enkelte lovene: barnevernlova, helse- og omsorgstenestelova, barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, sosialtenestelova, krisesenterlova og integreringslova. Volda starta opp arbeidet med betre tverrfagleg innsats (BTI) i 2022. Målet med BTI modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. Arbeidet har resultert i ein portal som skal implementerast hausten 2023.

Volda har fleire arenaer for samhandling, mellom anna:

Samhandlingsarena	Beskrivelse
Styranforum barnehage	Samhandling mellom styranane i alle barnehagane i Volda
Rektor - skuleleiarmøte	Samhandling om drift og utvikling av skulane
Ansvarsgruppemøte	Møte med familien og fleire tenester når behovet tilseier det
Helse- og omsorg si leiargruppe	Møte på tvers av alle tenestene innanfor helse- og omsorgssektoren
Oppvekst si leiargruppe	Møte på tvers av alle tenestene innanfor oppvekstsektoren
Kommunedirektøren si leiargruppe	Kommunedirektør, dei tre kommunalsjefane, økonomileiar og personalsjef
Politiråd	Samhandling mellom kommune og politi i rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid